

Notat/ status til prosjekteigar frå administrativ arbeidsgruppe 21.05.18

Namn arbeidsgruppe: Oppvekst

- Deltakarar: 7
- Antal møter: 4 (i 2018)

Undergrupper: skule, barnehage, støttetjenester, IT

- Deltakarar: skule – 4, bhg – 4, IT – 3, støttetjenester - 7
- Antal møter: skule - 2 , bhg - 3, IT - 5, støttetjenester - 2

Medverknad frå andre ressurspersonar:

Har gruppa knytt til seg andre ressurspersonar? Medverknad frå tillitsvalte og verneombod?

Tillitsvalde har vore med i gruppa heilt frå starten av, verneombod kom inn i gruppa no etter tilbakemelding om deira deltaking.

Me har hatt med Torbjørn Titlestad og Kim Andre Vaksdal frå IT avdelinga. Me hadde då ein gjennomgang av Teams og gevinstrealiseringsverktøyet.

Arild M Steine og Eldbjørg Lie Jørgensen har delteke i 1 møte.

Tor Halvorsen har vore med på møte og snakka om informasjonsarbeid knytt til samanslåing av Granvin og Voss.

Astri Remme har delteke i møte og gått igjennom risikovurdering.

Mål/ visjon for arbeidet:

Visjon for arbeidet:

- * Ein livskraftig bu- og arbeidsmarknadsregion i verdas vakraste reisemål.

Overordna mål for arbeidsgruppene:

- * Sikra gode tenester til innbyggjarane
- * Samordna fag- og tenesteområde
- * Finne gode-, innovative og effektive driftsformer
- * Fokus på digitale løysingar der det er mogeleg

Dette betyr for oppvekst m.a.:

- * Levera gode og likeverdige tenester i heile den nye kommunen
- * Det skal vera ei overordna målsetjing å realisera lokalsamfunnet sine behov og interesser, samstundes sjå desse i regionale samanhengar og vera konkurransedyktig i landsdel og landet

Status for arbeidsgruppa:

Fokusområde, utfordringar, deloppgåver som er avslutta, gevinst, osv..

I arbeidsgruppa har me arbeida med risikovurdering, justering av mandat og oppklaring i arbeidsform. Undergruppene arbeidar utifrå prioriterte områder gjort i kartleggingsdokumentet. Spesielt skule og barnehage har ein del oppgåver som er tidkrevjande ifht utgreiingar og seinare utarbeiding av høyringsdokument. Det betyr at nokon oppgåver må setjast på vent, medan andre oppgåver krev at det blir sett ned mindre arbeidsgrupper som gjer einskildoppgåver. Undergruppene føler på stort arbeidspress.

Planlagte utviklingsaktivitetar (jmfr styringsdokument)

I mandatet er både effektmål og resultatmål skildra. Arbeidsgruppa har ikkje drøfta desse måla inngåande enno, og må ta tak i dei for å ha dei med i arbeidet. Undergruppene er meir på konkrete oppgåver utifrå kartlegging.

Prioriterte oppgåver

Mandatet gir ei oppgåveskildring av kva me skal ha fokus på. Kartleggingsdokument for alle undergruppene er laga og arbeidsgruppa har sett på desse og godkjent prioriteringane. Innspel til kommuneplanen vil bli gitt fortløpande når det arbeidet skrir fram. Milepælplan bør me ha på plass før sommaren for å sikre at me fordeler tidsbruk best mulig.

Risikovurdering av omstillingsprosessen

Arbeidsgruppa gjennomførde ei risikokartlegging i februar 2018. Det er no utarbeida ein plan for korleis risikovurderinga skal arbeidast med, og me ser då at me vil justere arbeidet vårt. Me har òg fått med verneombod i gruppa og ser det som naturleg å ta ein ny runde. Arbeidet med risikovurderinga vil me òg at undergruppene drøftar og gir arbeidsgruppa innspel på.

Saker som må avgjerast i Fellesnemnda

Ikkje nokon saker pr dd.

Behov for støtte/ hjelp:

Har arbeidsgruppa trong for kompetanse, hjelp, avklaringar, støtte eller liknande?



Voss herad 2020

- *Interne avklaringar*
- *Eksterne avklaringar*

Me ser at det vil vere mange saker som må ut på høyring. Avklaringar når dette skal gjerast og når nye vedtak skal gjelde frå har me behov for hjelp med. Gjeld t.d. nye vedtekter bhg og sfo, skyssreglement skule, system for barnehageopptak.

Informasjon til tilsette:

Korleis har arbeidsgruppa sikra at andre tilsette får informasjon om arbeidet og moglegheit til å kome med innspel?

Arbeidgruppa har hatt ein gjennomgang med Tor Halvorsen og etterpå laga ein plan. Info.skriv går ut til alle einingane i veke 20. Undergruppene informerer ut til einingane om status i sitt arbeid før sommarferien. Vidare så vil arbeidsgruppa lage små oppsummeringar frå møta som vert publisert på nett.

Oversikt over område som må vurderast/ inkluderast i andre arbeidsgrupper:

-
-

Gevinstrealisering

Er det område ein kan henta ut gevinstar på allereie no. Kva er eventuelt føresetnadane for å realisera dei?

IT gruppa har brukt gevinstreiseringsverktøyet litt i sitt arbeid. Det er tidkrevjande å nytte og gruppa er usikre på kor nyttig det er. Ved gjennomgang vart me samde om at gruppene prøver ut verktøyet der dei ser det er til hjelp.

Arbeidsgruppa sine egne punkt

- Både i arbeidsgruppa og i undergruppe skule og støttetjenester har det vore/blir det noko utskifting av folk. Det gjer at arbeidet tek litt meir tid, me må setje dei nye inn i arbeidet som har vore gjort før me kan gå vidare.
- Arbeidsgruppa har brukt litt tid på å finne løysingar for omfanget til undergruppene. Dei har mange oppgåver og har behov for å ha mindre grupper under seg. Dette må me få til utan at det vert for mange personar som skal møtast (noko som tek tid frå ein elles travel kvardag). Samtidig ser me ein verdi av at ulike fagpersonar møtest frå dei to kommunane, det kan nok gje ein positiv effekt på samarbeidet.
- Arbeidsgruppa har behov for å få litt meir oversikt på det overordna arbeidet, leiar for arbeidsgruppa fylgjer opp dette.

Vedlegg:



Voss herad 2020

Oppdatert tidsplan for arbeidsgruppa

Arbeidsark – Oversikt avtaler, vedtekter, reglar og rutinar

Referat frå møtene som har vore i arbeidsgruppa.